

Sak	Leing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering
Dato utsendt på høyring	21.11.16
Høyringsfrist	9.12.16
Send høyringsinnspel til	post@hib.no ; postmottak@hsh.no ; post@hisf.no
Bakgrunn for saka	<p>Avgjerd om leing og fagleg organisering er sentralt i forminga av HVL. Delprosjektgruppa fekk i mandat å legge fram forslag til organisering av den faglege verksemda på nivå 1 og 2, samt prinsipp for nivå 3. Delprosjektgruppa legg i vedlagte rapport fram sine vurderingar og alternative løysingar. I vedlagte høyringsbrev framgår dei sentrale spørsmåla, og dei er også løfta fram som eigne punkt i dette skjemaet.</p> <p>Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (Innspel frå underliggjande einingar/miljø følgjer som vedlegg).</p>
Me ønskjer spesielt innspel på (frå rapporten):	
Kap 2	Er premissane og inngangen tydeleg og meiningsfull?
Kap 3	<p>Er modelltypane - profesjon vs. kunnskapsområde - tilstrekkeleg forklarte?</p> <p>Profesjon vs. kunnskapsområde på nivå 2 – kva modell vil vere best for at HVL skal nå sine mål?</p> <p>Skal HVL ha meir enn 3 fakultet?</p> <p>Bør fakulteta ha omtrent same storleik?</p> <p>Er forslaga til namn på fakulteta dekkjande, har de alternative namn?</p> <p>Er disiplinfaga si rolle i HVL ivareteke med 3 fakultet?</p>
Kap 4	<p>Er prinsippa for nivå 3 dekkjande for å realisere fusjonsambisjonen?</p> <p>Er prinsippa for smale eller for vide?</p>
Kap 5	<p>Skal ein ha reint rektorat eller skal toppleiinga og ha leiarar med særleg administrativ kompetanse og ansvar?</p> <p>I høyringsutkastet er det foreslått funksjonsansvar til leiarane på nivå 1 – er desse område gode, har de andre forslag?</p> <p>Høyringsutkastet foreslår at det skal vere prodekanar – og skisserer ulikt ansvarsområde for desse (speile prorektor, geografisk/nærregion, støtte for dekan, etter dekanens behov) – kva er mest tenleg?</p>

Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

	Er prinsippa for leiing på nivå 3 tydelege nok for vidare operasjonalisering? Er dei råd og utval som er omtale i høyringsutkastet tenlege? Er det utval eller liknande som manglar?
Ansvarleg	Prosjekt Fagleg og administrativ organisering – Delprosjekt Leiing og fagleg organisering
Utsendar	Prosjektsekretariatet

HØYRINGSINNSPEL

Sak	Leing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering
Høyringsinstans (svarar)	Avdeling for helsefag, HiSF
Ev. prosess bak høyringsinnspelet	Diskusjon og innspel i leiarmøte, ID-møte, personalmøte og lunsjmøte. Samanfatta av dekan.
Innspel	
Kap 2	<p>Er premissane og inngangen tydeleg og meningsfull? Ja, dette gir mening.</p>
Kap 3	<p>Er modelltypene - profesjon vs. kunnskapsområde - tilstrekkeleg forklarte? Ja, med henvising til kap 2 er dei det.</p> <p>Profesjon vs. kunnskapsområde på nivå 2 – kva modell vil vere best for at HVL skal nå sine mål? Kunnskapsområdemodellen er mest framtidretta med tanke på å nå måla både knytt til å utdanne til spesifikke profesjonar <u>og</u> til meir næringsretta arbeidsliv. Her vil ein og i større grad kunne utvikle ein særmerka fagleg profil for HVL. I fagmiljøet oppfattar ein fakultetsnivået som ganske likt når det gjeld Helse og velferd, og haldninga er at det ved etablering av institutt uansett vil vere naudsynt å synleggjere dei store profesjonsutdanningane, som sjukepleieutdanninga. Eit argument som også talar for kunnskapsområdemodellen er at profesjonsutdanningane er i endring. Lærarutdanninga er eit nærliggande eksempel, og vi vil sannsynlegvis sjå endringar også innan dei såkalla kortare profesjonsutdanningane innan helse- og sosialfag. Ein profesjon i dag er ikkje nødvendigvis ein profesjon i framtida. Men vi må bygge ein høgskule som kan vere med på å forme denne framtida og kanskje vere i forkant med nye løysingar og utdanningstilbod. Profesjonsmodellen er på den måten meir låst i dagens struktur og nasjonale rammer. Eit anna moment som talar for kunnskapsmodellen er at den verke positivt på rekruttering av både tilsette og studentar.</p> <p>Antal fakultet og storleik på desse I utgangspunktet bør det vere lik storleik på fakulteta, og dersom storleik skal vere styrande for antal fakultet, så er det mest naturleg med tre. Men samstundes må ein også rette blikket framover. Eit eventuelt mindre fakultet kan vekse i framtida. Det må nøye vurderast om det er samansetjing og</p>

	<p>samorganisering av fagfelt som kan føre til utvikling av svært aktuelle studietilbod for framtida. Ei samla tilbakemelding er at ein ikkje bør ha for einsidig fokus på storleik, som antal tilsette og studentar, når ein skal lande antal fakultet. Eit anna viktig prinsipp er at fakulteta bør representere utdannings- og forskingsaktivitet på fleire campus. Det har også kome innspel på at ein må sikre at studentar blir behandla likt på ulike campus. Dess større fakultet dess større sjansar for at det blir utvikla «autonome» administrative tenester knytt til dei ein skilde fakulteta. På campus-nivå vil ein sannsynlegvis forholde seg til fleire fakultet og dermed kan denne faren for slik ulikhet oppstå.</p> <p>Er forslaga til namn på fakulteta dekkjande, har de alternative namn? For utdanning og forskning innan helse- og sosialfaga så er det naturleg at namnet på fakultetet er Helse, omsorg og velferd. Det er gjenkjenneleg for omgjevnadane og har ei naturleg innramming som vanskeleg kan dekkast av andre omgrep eller fagtermar. Vi vel å kun kommentere navnet på det fakultetet som sannsynlegvis vil bli heimen til vår noverande avdeling.</p> <p>Er disiplin faga si rolle i HVL ivareteke med 3 fakultet? Dersom ein med disiplin faga meiner dei faga som er tradisjonelle universitetsfag så vil desse faga ha ei viktig rolle uansett antal fakultet. Dette vil gjelde fag som til dømes pedagogikk, sjukepleie, sosiologi, historie, samfunnsfag og naturfag.</p>
<p>Kap 4</p>	<p>Er prinsippa for nivå 3 dekkjande for å realisere fusjonsambisjonen? Er prinsippa for smale eller for vide? Prinsippa er dekkjande når det gjeld å ivareta aktivitet på tvers av ulike campus, tilsette sin tilhørighet, og å sikre eit regionalt studietilbod på alle utdanningsnivå til studentane. Prinsippa er vidare mest utforma med tanke på instituttorganisering. Dersom det er tanken at senter og schools skal kunne opprettast på same nivå som eit institutt, så er dette for lite behandla både når det gjeld innhald og plassering i organisasjonen. Spørsmålet er om senter og schools skal knytast til institutt med eit overordna ansvar hjå instituttleiari, eller til fakultet med dekan som næraste overordna. På leiarnivå vil både kompetansebehov og ansvarsområde vere svært ulikt for instituttleiari, senterleiari og schools-leiari.</p> <p>Dersom til dømes eit senter skal fungere optimalt så må det i størst mogleg grad kunne operere som ei sjølvstendig eining. I prinsippa i kap. 4 er senter i størst grad knytt til forskingsaktivitet, men det kan vere ein fordel at både masterutdanningar og ph.d.-utdanningar er lagt til senter. Sentra kan vere organisatoriske einingar som er meir fagleg tversgåande og som koblar utdanning og forskning innan nokre sentrale profilmråder for fakultetet og høgskulen. Når det gjeld administrasjon så er kommentaren som over at ein må sikre lik behandling av studentar på same campus, og innan same institutt. I dette ligg til dømes lik tolking av forskrifter og retningslinjer.</p>
<p>Kap 5</p>	<p>Skal ein ha reint rektorat eller skal toppleiinga og ha leiarar med særleg administrativ kompetanse og ansvar?</p>

Her er tilbakemeldinga at det bør vere leiarar med administrativ kompetanse og ansvar i rektoratet. I denne forbindelse vert det også trekt fram at det er viktig med desentralisert fellesadministrasjon. Ei god investering er å bygge vidare på den kompetansen som allereie finnast i organisasjonen.

I høyringsutkastet er det foreslått funksjonsansvar til leiarane på nivå 1 – er desse område gode, har de andre forslag?

Utdanning og forskning er grunnverksemda til høgskulen og såleis er det naturleg at prorektorar får eit særskilt ansvar for desse områda. Då er det litt meir uklart med det tredje området som fort kan få eit innhald som er meir spesifikt og avgrensa enn dei store og omfattande områda utdanning og forskning. Innovasjon kan vanskeleg leggast kun til ein av prorektorane då svært mykje av det innovative arbeidet nettopp skjer innan utdanning og forskning. Ei alternativ formuleringa av ansvarsområde for den tredje prorektoren kan vere kommunikasjon (som inkluderer digitalisering) og internasjonalisering. Dette gir også ei meir tydeleg retning for kompetanse knytt til prorektorfunksjonen.

Høyringsutkastet foreslår at det skal vere prodekanar – og skisserer ulikt ansvarsområde for desse (speile prorektor, geografisk/nærregion, støtte for dekan, etter dekanens behov) – kva er mest tenleg?

Dersom prorektorar skal ha eit funksjonsansvar så må det på ein eller annan måte speilast nedover i organisasjonen, elles har det liten hensikt.

Men eit innspel her er at ved å speile prodekan mot prorektor så kan ein stå i fare for å begrense det strategiske ansvaret til dekan. Ein bør difor som eit ledd i ei vidare utgreiing sjå på kva praktiske konsekvensar ei slik ansvarsfordeling får for nivå 3.

Er prinsippa for leiing på nivå 3 tydelege nok for vidare operasjonisering?

Viser her til kommentarane under kap 4. Gjennomgåande trengs det ei vidare utgreiing av både senter og schools. Generelt er ei tilbakemelding at det er ynskjeleg med geografisk styrt leiing på instituttleiarnivå.

Er dei råd og utval som er omtale i høyringsutkastet tenlege?

Det bør stå at FoU-utvalet også fungerer som overordna ph.d.-utval (jfr forskrift til graden ph.d. ved HVL). Dette kan fungere, men sannsynlegvis vil det på sikt vere behov for eit eige ph.d.-utval på institusjonsnivå.

RSA vil avhenge av kva organisasjonsmodell ein vel for HVL. Ved profesjonsmodell bør det vere RSA på fakultetsnivå. Dersom kunnskapsmodellen blir valgt så kan det organiserast som foreslått s.43.

Viktig å synleggjere at fakultetsrådet er eit rådgjevande organ for dekanatet. Det vil ikkje vere eit beslutningsorgan i og med einskapleg leiing.

Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

Andre merknader	
-----------------	--